Vedtaket gjeld inntil 31.12.2018 under føresetnad at driftsopplegget ikkje vert endra i perioden. Auke i dyretal eller reduksjon i arealgrunnlaget kan medføra at fritaket fell bort. Søkjaren må i god tid informera landbrukskontoret om planlagde endringar av drifta.

Vedtaket har heimel i Forskrift om gjødslingsplanlegging § 5.

**DUPM**      **KKO**  
**123/13:**

**GBNR. 87/27, VIK STORE: SØKNAD OM IGONGSETJINGSLØYVE FOR GRUNN- OG TERRENGARBEID. GODKJENNING.**

**Vedtaket:**

Fusa kommune gjev igongsetjingsløyve for grunn- og terrengarbeid for bustad på gbnr. 87/27, Vik store, på fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Det skal søkjast om igongsetjingsløyve før vidare arbeid vert starta opp.

Vedtaket er gjort med heimel i § 20-1 og 21-2 i plan- og bygningslova.

**DUPM**      **KKO**  
**124/13:**

**GBNR. 82/2, BOGE: SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - PLANERING AV TOMT. GODKJENNING.**

**Vedtaket:**

Fusa kommune godkjenner planering av tomt på gbnr. 82/2, Boge, på fylgjande vilkår:

1. Planeringa må gjerast slik at framtidige bygg vil passa fint i terrenget og ta seg estetisk bra ut.

Vedtaket er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
047/13	Utval for plan og miljø	26.09.2013	HCB

## SKRIV OG MELDINGER

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

**Saksframstilling:**

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/5172	I	28.08.2013	Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal og samfunnsplanavdelinga	STADFESTING AV VEDTAK VEDR KLAGE PÅ REGULERINGSPLAN FOR FV 122, KVÅLSHAUGEN / JORDMORSVINGEN I STRANDVIK
2	13/5115	I	22.08.2013	Fylkesmannen i Hordaland	FORSØK MED SAMORDNING AV STATLEGE MOTSEGNER TIL KOMMUNALE PLANAR
3	13/5151	I	26.06.2013	Fylkesmannen i Hordaland - Miljøvern og klimaavdelinga	MELDING OM AVSLUTTA SAK VEDR FORUREINING I SJØ UTANFOR VERKSEMD I NORDTVEITGREND

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
040/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	KKO
048/13	Utval for plan og miljø	26.09.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 13/315

**GBNR. 89/3, LEGLAND: SØKNAD OM FRÅDELING AV  
BUSTADTOMT RUNDT VÅNINGSHUS OG DRIFTSBYGNING.  
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 89/3, Legland, ei bustadtomt på inntil 5 dekar, på fylgjande vilkår:

1. Høyringsinstansane må ikkje ha merknad til dispensasjonssøknaden. Kjem det merknad, må saka handsamast på nytt av Utval for plan og miljø.
2. Frådeling skal skje i samsvar med lover og føresegner.
3. Vilkår for omdisponeringa frå landbrukskontor skal etterkomast.

Fusa kommune gjev løyve til auka bruk av avkøyrsløse frå kommunal veg.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova, §§ 9 og 12 i jordlova og §§ 40 – 43 i veglova.

**06.06.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ**

**Handsaming:**

Framlegg frå Haldor Tuft (Sp):  
Saka vert utsett for synfaring.

**UPM-040/13 VEDTAK:**

Saka vert utsett for synfaring.

.....

**Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:  
Utval for plan og miljø.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.05.2013	KART.PDF	60146

Kart.

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

Søknaden gjeld frådelling av tomt på inntil 5 dekar rundt hus og driftsbygningar på gbnr. 89/3, Legland. Jordlova opnar opp for slik frådelling i særskilde tilhøve. Det vert vist til uttale frå landbrukskontoret, for grunngjeving.

Arealdel til kommuneplan viser LNF-område, med forbod mot frådelling og bygging.

Dispensasjonssøknaden er sendt høyringsinstansane for uttale. Fristen for dette er ikkje gått ut og eventuelle merknader vil medføra at saka må handsamast ein gong til.

### **Uttale frå jordbruksfagleg hald i kommunen:**

Gbnr. 83/4 har 104,3 dekar dyrka mark, 55,5 dekar innmarksbeite, 329,8 dekar skog og 120,9 dekar anna markslag. Totalt har eigedomen 610,5 dekar. (Kjelde; Skog og landskap).

Det er ikkje sjølvstendig drift på garden, men naboar i aktiv drift leiger areala.

Det er søkt om å få dele frå eit bustadhus, ein garasje og ein driftsbygning med tilhøyrande tomt på til saman 5 dekar.

Området er avsett til LNF i kommuneplanen.

### **Jordlova § 9 seier:**

*"Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida"*

Søknaden gjeld frådelling av bygningar med tilhøyrande tomt. 2,9 dekar gjeld omdisponering av dyrka mark. Arealet er tenkt nytta som plen.

### **Jordlova § 12 seier:**

*"Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet."*

Gbnr. 83/4 er ein landbrukseigedom i Strandvik som består av fleire gards- og bruksnummer. Til saman har grunneigar tre bustadhus, to driftsbygningar, eit reiskapshus, ein garasje, ein revegard i utmark og eit naust. Grunneigar driv ikkje garden sjølv, men leiger den ut til fleire naboar i aktiv drift. Ho søker no om å få skilje frå bygningane på den eine grunneigedomen, gbnr. 89/3.

Eigedomen har ein stor bygningsmasse og grunneigar har vanskar med å vedlikehalde alle bygningane. Hovudbruket, gbnr. 83/4, har gardstun like nord for Strandvik sentrum. Tunet består av våningshus, kårhus, driftsbygning og reiskapshus. Grunneigar bur i våningshuset, medan foreldra bur i kårhuset.

Gardstunet på gbnr. 89/3 ligg for seg sjølve på ei høgde aust for Strandvik sentrum og er det siste bustadhuset ein kjem til. Det går bilveg forbi garden og eit lite stykke vidare oppover. I området er det fleire gardar og aktiv landbruksdrift.

Landbrukskontoret har vore på staden og synfaringa viser at omsøkt bustadtomt har god arrondering. Det vil sei at bustadtomta ligg på ein høgde. Bak bygningane skrår terrenget nedover mot resten av egedomen si dyrka mark og beite. Framom bygningane mot bilvegen ligg 2,8 dekar dyrka mark. Ved ei frådeling er det naturleg å ta med marka fram til vegen, slik at vegen vert ei buffersone mot resten av arealet på gbnr. 89/3.

På den eine sida vert det ei frådeling av bustadtomt i eit aktivt landbruksområde, som kan føre til konflikhtar mellom private interesser og landbruksdrift i området.

På den andre sidan har ikkje gbnr. 83/4 bruk for 3 hus og har store kostnader med å vedlikehalde alle bygningane.

Omdisponering av dyrka mark vert tillete til landbruksføremål og plen. Anna bruk må søkjast om til landbrukskontoret.

Frådeling av omsøkte bygningar vil ikkje gå ut over avkastningsevna på garden.

Omdisponering og deling kan godkjennast etter jordlova §§ 9 og 12. ”

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

### **Vurdering:**

Rådmannen meiner det er mogeleg å godkjenna dispensasjon og frådeling i denne saka. Tunet på hovudbruket ligg annan plass i Strandvik. Det er mange bygningar som skal vedlikehaldast. Jordlova opnar opp for frådeling av større areal (inntil 5 dekar) rundt tun på eit gardsbruk. Landbrukskontoret kan godkjenna omdisponering og viser til at avkastningsevna til bruket ikkje vil bli forringa ved ei frådeling som her.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
043/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	KKO
049/13	Utval for plan og miljø	26.09.2013	KKO

**Sakshandsamer:** Kjetil Koldal

**Arkivsaknr** 12/108

## **GBNR. 86/2, VIK LILLE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR. 188/12.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fusa kommune meiner det ikkje kjem fram nye opplysningar i klage som gjer at delegert vedtak skal gjerast om og held på vedtak i saknr. DS 188/12, som lyder:

Fusa kommune avslår søknad om frådeling av bustadtomt frå gbnr. 86/2, Vik lille, som omsøkt.

Grunngjeving for avslag er at arealet ikkje kan omdisponerast etter jordlova og at overordna plan viser LNF-område med bygge- og delingsforbod.

Saka vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan og jordlova § 12.

### **06.06.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ**

#### **Handsaming:**

Framlegg frå Hans Ekeberg (Ap):

Saka vert utsett for synfaring.

Framlegget frå Hans Ekeberg vart samrøystes vedteke.

#### **UPM-043/13 VEDTAK:**

Saka vert utsett for synfaring.

.....

#### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:

Fylkesmannen.

Saksdokument:

Vedlegg:

Klage datert 27.11.2012 og kart.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.05.2013	KLAGE 27.11.2012.PDF	60228
21.05.2013	KART.PDF	60229

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

Fusa kommune gjorde i delegert sak DS 188/12 eit avslag på søknad om å dela ifrå ei bustadtomt frå gbnr. 86/2. Advokatane Kvåle og Skeie ANS, v/ Øyvind Kvåle, har påklaga dette vedtaket og forandra på dei ynskte tomtegrensene. Tomta vert flytta noko for å få ei betre buffersone mot dyrka mark og auka frå eit dekar til to dekar. Klage vart oversendt landbrukskontoret for ny vurdering og det er kome ny uttale på dette som lyder:

” Fusa kommune har motteke ein klage frå Advokatane Kvåle og Skeie ANS, på vegne av Ingeborg Vik. Advokat Øyvind Kvåle klagar på sakshandsaminga etter jordlova § 12.

Nytt i saka er at det no er søkt om å få dele i frå huset med 2 dekar tomt i staden for 1 dekar, grunna omsyn til buffersone mot resten av jordbruksarealet. Landbrukskontoret vart beden om å reise på synfaring og torsdag 18. april var Jorunn Kårvatn ute på staden.

Gbnr. 87/7 er hovudeigedomen og gbnr. 86/2 er ein grunneigedom som ligg under gbnr. 87/7. Våningshuset på garden ligg på gbnr. 87/7 saman med to andre landbruksbygg.

Bustaden som er søkt frådelt ligg på gbnr. 86/2, for seg sjølve og eit lite stykke unna tunet. Bustaden står på eit fulldyrka areal som er 10,9 dekar stort. På andre sidan av vegen er eit samanhengande fulldyrka areal på 8 dekar der gbnr. 87/7 eig 3,9 dekar. Areala er leigd ut til ein nabo i aktiv drift, ligg i nærleiken og er raskt tilgjengeleg for leigetakar.

På den eine sida har grunneigar på gbnr. 87/7 ikkje bruk for to hus på garden og fleire bygningar fører til større kostnader til vedlikehald.

På den andre sidan kan det vere ei ulempe for landbruksdrifta i området om bustaden med tilhøyrande tomt vert delt i frå samtidig som ressursgrunnlaget vert mindre. Frådelte tomtar kan føre til konflikhtar mellom privatpersonar og landbruksdrifta i området.

Landbrukskontoret viser òg til tidlegare uttale og kan ikkje godkjenne ei frådeling etter jordlova § 12.”

### **Vurdering:**

Som det går fram av ny uttale frå landbrukskontor, gjer ikkje endringa av tomta at vurdering etter jordlova vert forandra. Søknaden kan framleis ikkje godkjennast. Dette er eit større samanhengande dyrka område. Ei frådelt tomt kan omsetjast fritt på marknaden og kan i ettertid skapa problem mellom landbruksdrift og eigarar. Sidan omdisponering ikkje kan godkjennast etter jordlova, kan det heller ikkje godkjennast dispensasjon frå arealdel til kommuneplan. Kommuneplan viser LNF-område, med forbod mot bygging og frådeling. Det vert for øvrig vist til uttale og saksutgreiing i delegert sak 188/12.

### **Saksutgreiing i delegert saknr. DS 188/12, fylgjer heretter:**

”Saksframstilling:

Saksopplysningar:

Det er søkt om løyve til å dela ifrå gbnr. 86/2 ei bustadtomt på ca 0,7-0,8 dekar, rundt eit eksisterande bustadhus. Dette er våningshuset på gbnr. 86/2, der driftsbygning og uthus er



rive ned for fleire år sidan.

Arealdel til kommuneplan viser LNF-område med forbod mot frådelling og bygging. Det er i stor grad dyrka jord rundt bygningen og i tillegg går det ein privat veg forbi.

Uttale etter jordlova frå jordbruksfagleg hald i kommunen:

” Gbnr. 86/2 (87/7) har; 31,9 dekar dyrka mark, 16,5 dekar innmarksbeite, 181,4 dekar skog og 78,7 dekar anna markslag. Totalt har eigedomen 309 dekar.

Det er ikkje sjølvstendig drift på garden, men jorda vert leigd ut til ein nabo.

Det er søkt om å få dele frå det eine huset på garden.

Arealet ligg i LNF-område i kommuneplanen,

*Jordlova § 12 seier: ”Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet.”*

Huset som er søkt frådelt ligg ikkje i tunet, men eit lite stykke unna.

Rundt huset er det flat dyrka mark på alle kantar. Det går veg til huset og vidare forbi.

Huset ligg midt på dyrka mark og ved ei frådelling vert det inga buffersone mot landbruksarealet på nokon kantar.

Eit frådelt bustadhus kan seljast fritt på det opne markedet og til kven som helst. Erfaring visar at det fort kan bli konflikhtar mellom bustad og landbruksdrift.

Ei frådelling kan vere til stor ulempe for drifta på bruket og landbruksdrift i området.

Frådelling kan ikkje godkjennast etter Jordlova § 12. ”

Grunngjeving:

Søknaden er ut ifrå uttale etter jordlova ikkje sendt vidare til Fylkesmann og Hordaland fylkeskommune for uttale/ høyring, sidan omdisponering ikkje kan godkjennast. Det må føreliggja ein positiv uttale frå landbruksmyndighetene, før ein søknad kan sendast vidare til høyringsinstansane. Jordlova er ei særlov som skal vurderer alle søknader som omhandlar jordbruket. Kan ikkje arealet omdisponerast, så kan det heller ikkje godkjennast frådelling etter plan- og bygningslova eller overordna plan.

Ut ifrå dette avslår rådmannen søknad om frådelling.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
038/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	KKO
050/13	Utval for plan og miljø	26.09.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 12/1028

**GBNR. 28/1, BAKKE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR. 046/13.**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fusa kommune viser til uttale etter jordlova som viser til at klage ikkje inneheld nye moment og avslår søknad om å dela ifrå gbnr. 28/1, Bakke, ei bustadtomt, som omsøkt. Søknaden kan ikkje godkjennast ut ifrå dei krav som jordlova er sett til å ivareta, jamvel om søknaden er i samsvar med arealdel til kommuneplan. Jordlova er ei særlov som skal høyrast i alle frådelingssaker. Det vert vist til landbrukskontoret sine uttaler. Saka vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova og §§ 9 og 12 i jordlova.

**06.06.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ**

**Handsaming:**

Framlegg frå Anne Martinsen (Krf):  
Saka vert utsett for synfaring.

Framlegget frå Anne Martinsen vart samrøystes vedteke.

**UPM-038/13 VEDTAK:**

Saka vert utsett for synfaring.

.....

**Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:

Fylkesmannen, dersom klage ikkje vert teken til fylgje.  
Planutvalet, dersom klage vert teken til fylgje.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.05.2013	KLAGE.PDF	60140
19.05.2013	TILLEGGSBREV.PDF	60141
19.05.2013	KART.PDF	60142

Klage, datert 23.04.2013.  
Tilleggsbrev til søknad (før klage).  
Kart.

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

#### **Saksframstilling:**

Det vart i delegert saknr. 046/13 gjeve avslag på søknad om frådelling av bustadtomt frå gbnr. 28/1, Bakke, ut ifrå at jordlova ikkje kunne godkjenna omdisponering av landbruksareal. Vedtaket er påklaga til Utval for plan og miljø. Klagen har vore til ny handsaming ved landbrukskontoret, som ikkje kan sjå at det er kome inn vesentlege nye moment i klagen som gjer at saka skal vurderast på nytt i høve til jordlova § 12. Det må alltid vera godkjent omdisponering etter jordlova, før at ei frådelling kan godkjennast. Dette er fordi jordlova er ei særlov som skal høyrast ved alle frådelingar.

Klagar meiner omsøkt tomteareal er til lite nytte for hovudbruket og at det er funne fram til den beste plasseringa ut ifrå terreng og nytte av hovudbruket.

Arealdel til kommuneplan viser LNF-område for spreidd bustadbygging for inntil fem tomter. Det er frådelt ei bustadtomt kring tidlegare våningshus og det er soleis fire tomter att etter godkjent kommuneplan.

Klage (sjå vedlegg) vert lagt fram for Utval for plan og miljø for avgjerd. Vidare utgreiing går fram av delegert sak som er vist til nedanfor i saka.

#### **Tidlegare handsaming (delegert saknr. 046/13):**

##### **” Saksopplysningar:**

Søknaden gjeld frådelling av ei bustadtomt på ca 2 dekar frå gbnr. 28/1, Bakke. Arealdel til kommuneplan viser område for spreidd bustadbygging for inntil fem tomter.

##### **Uttale frå jordbruksfagleg hald i kommunen:**

” Gbnr. 28/1 har 33,2 dekar dyrka mark, 39,5 dekar beite, 313,6 dekar skog og 19,3 dekar anna markslag. Totalt har eigeiendomen 405,7 dekar. (Kjelde: Skog og landskap)

Det er ikkje sjølvstendig drift på bruket, men eit nabobruk leiger jorda.

Det er søkt om å få dele frå 2 dekar til bustadtomt og veg til tomte. Området er i kommuneplanen avsett til LNF med spreidd busetting.

Jordlova § 9 seier: *”Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.”*

Arealet som er søkt frådelt ligg på ein liten høgde vest for gardstunet. I "Skog og landskap" sitt gardskart er markslaget definert som dyrka mark. Jordbruksarealet rundt gardstunet er 17 dekar stort. Omsøkt tomt vil liggje omtrent 40 meter i luftlinje frå driftsbygningen og 70 meter i luftlinje frå driftsbygningen på naboeigeiendomen, gbnr. 28/3.

Vegen til tomte vil følgje eigeiendomsgransa og markslaget er definert som skog. Gbnr.28/1 vil eige veggen medan tomteeigar vil få tinglyst vegrett.

Ved onnetid køyrer traktorane gjennomgardstunet for å koma til dyrka mark. Det er trøngt å koma forbi driftsbygningen, som ligg i en sving og med fjell på den andre sida av veggen.

Våningshuset sine røyr til septiktanken vart øydelagd av køyringa. Løysinga er ikkje tilfredsstillande og den nye veggen til tomte vil også bli brukt som tilkomstveg for traktor til

jordbruksarealet på vestsida.

Jordlova § 12 seier: ”Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet.”

**På den eine sida:** Tomta som er søkt frådelt ligg på dyrka mark og på ein liten høgde. Ei frådeling her vil føre til ei oppstyking av eit større jordbruksareal. Eigedomen er i dag ein odelseigedom på grunn av at dyrka mark er meir enn 25 dekar (Odelsloven § 2). Ei frådeling av dyrka mark kan gå ut over avkastningsevna til bruket og drifta vert mindre effektiv når ein må slå mange små areal. Tomta vil grense til dyrka mark på vestsida og sørsida og det vil ikkje vere nokon buffersone mot resten av jordbruksarealet. I røynda bør det vere 20 meter buffersone mellom dyrka mark og bustadtomt for å unngå moglege konflikhtar mellom landbruksdrift og privatpersonar.

Ei fråskilt tomt kan seljast fritt på den opne marknaden og når tomta si tilkomstveg òg er ein driftsveg, som vil gå forbi tunet til den nye tomta, kan vere ein kjelde til konflikhtar. Det er i dag ikkje tradisjonell drift på garden, men ei fråskilt tomt som ligg så nær driftsbygning kan få støy og luktproblem dersom det vert aktuelt å starte opp att med drift.

Arealet ligg i området avsett til LNF med spreitt busetting. Føresegnene i kommuneplanen seier at bustad ikkje skal liggje på dyrka eller dyrkbar jord.

**På den andre sida:** I kommuneplanen er området avsett til spreidd busetting og det er ønskjeleg frå politisk hald å byggje bustader her. Inntil fem bueiningar er regulert for området. Ei bustadtomt er frådelt etter plan. Omsøkt tomt er tenkt frådelt nær grensa nord på eigedomen for å unngå å få ei fråskilt tomt midt på eigedomen. Tilkomstvegen vil gå langs med grensa og skape ein buffersone mellom tomta og naboeigedomen, og vegen vil også hindre meir køyreskade på gardstunet. Søkjaren meiner jordkvaliteten på staden er dårleg og fekk for nokre år sidan utarbeidd eit kostnadsoverslag som synar svært store utgiftar for å grøfte og betre kvaliteten på jorda.

Samla sett vert frådelinga vurdert til å vere ein ulempe for landbruksdrifta i området og ei deling vil gå i mot føresegnene i kommuneplanen.

Omdisponering og deling kan ikkje godkjennast etter jordlova §§ 9 og 12. ”

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

#### Grunngjeving:

Ved alle frådelingssøknader skal landbrukskontoret ha søknaden tilsendt for uttale i høve til jordlova. Jordlova er ei særlov og ei frådeling kan ikkje godkjennast om det ikkje vert godkjent omdisponering etter jordlova. Det er då ikkje grunnlag for frådeling fordi om søknaden ellers er i samsvar med arealdel til kommuneplan i same området.

Det vert vist til uttale etter jordlova. Søknaden kan av den grunn ikkje godkjennast. ”

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
051/13	Utval for plan og miljø	26.09.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 13/799

## **GBNR. 84/6, TUFT: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 84/6, Tuft, ei bustadtomt på ca 1 dekar, på fylgjande vilkår:

1. Frådeling skal skje i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Vilkår sett av Statens vegvesen skal etterkomast.
3. Det skal gjerast greie for val av avlaupsløysing seinast ved søknad om byggeløyve.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova og § 12 i jordlova.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:

Utval for plan og miljø.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.09.2013	DISPENSASJONSSØKNAD OG KART.PDF	64253

Brev frå søkjar.

Kart.

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

Søknaden gjeld frådeling av ei bustadtomt på omlag 1 dekar frå gbnr. 84/6, Tuft. Etter arealdel til kommuneplan ligg tomta i LNF-område. Tomta er plassert 15 meter frå fylkesvegen og lengst mogeleg bort frå strandsona (ca 100 meter). Området har mykje småskog og noko grunnlend mark. Den legg ikkje beslag på dyrka jord. Rundt omsøkt tomt ligg det bustadfelt, einbustader, fritidsbustader, m.m.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Det er ikkje registrert funn i artskart eller naturbase for området, som kan ha innvirka på søknaden.

## **Uttale frå jordbruksfagleg hald i kommunen:**

”Gbnr. 84/6 har 37,9 dekar dyrka mark, 21 dekar skog og 16,7 dekar anna markslag. Eigedomen har totalt 75,6 dekar (Kjelde: Skog og Landskap) Det er ikkje sjølvstendig drift på bruket, men ein nabo i drift leiger jordbruksareala. Eigedomen har to bruksnummer.

Det er søkt om å få dele frå eit dekar til bustadføre mål.

Omsøkt tomt ligg i område avsett til LNF i kommuneplanen.

Jordlova § 12 seier:

*"Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.*

*Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål en jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.*

*Ved avgjerd om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern om arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet med jordlova.*

*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykket givast dersom deling vil vareta omsynet til busetting i området."*

Gbnr. 84/6 søker om å få dele frå 1 dekar som skal nyttast til bustadhus. Eigedomen har to parsellar og det er 600 meter i luftlinje mellom dei. Våningshuset og jordbruksarealet på 37,9 dekar ligg på ein parsell, medan 17,9 dekar utmark ligg på den andre parsellen,

Omsøkt tomt ligg på parsellen med utmark og vil liggje 15 meter i frå hovudvegen. I 2010 vart det søkt om å få dele i frå eit fritidshus på same parsell, men frådelinga vart ikkje godkjent i følge sak; 10/1447. Landbrukskontoret var då på synfaring og uttalte: "Arealet har låg til middels bonitet, og det veks noko furu av vekslande kvalitet her i dag." Avslaget vart den gongen grunna med at det er høgt byggepress på landbruksareala i Strandvik og at landbruket vil vere tent med ein gjennomtenkt og planmessig utbygging i området.

Frå 1. juli 2013 vart det ein endring i jordlova § 12. Endringa gir auka lokalt handlingsrom til kommunane og skal gjere det enklare å dele i frå dersom søknaden gjeld frådeling til tilleggsjord eller busetting.

Ei frådeling vil ikkje ta av dyrka mark og det er ikkje nødvendig med samtykke til omdisponering etter jordlova § 9 i denne saka.

Gbnr. 84/6 er ein liten landbrukseigedom på 75,6 dekar. Likevel har eigedomen eit stort og verdifullt jordbruksareal på 37,9 dekar som ligg samla rundt tunet.

Arealet rundt omsøkt tomt er skrint og har ikkje noko større landbruksverdi og ei frådeling vil ikkje gå ut over avkastningsevna på bruket .

Strandvik er den største landbruksbygda i Fusa med stor jordbruksaktivitet i området. Omsøkt tomt ligg midt imellom område med jordbruksdrift og område som er avsett til busetting i kommuneplanen. Ei frådeling vil likevel ikkje føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området.

Samla sett er det positivt at søknaden no gjeld heilårs bustad og ikkje fritidsbustad. Frådelinga vil ikkje røre ved dyrkbar mark og er plassert på ein tenleg og rasjonell måte i forhold til resten av eigedomen.

Ei frådeling kan godkjennast etter jordlova § 12. ”

Dispensasjonssøknaden har vore tilsendt høyringsinstansane for uttale. Det er ikkje kome merknad innan fristen på fire veker. Det er heller ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

### **Vurdering:**

Omsøkte bustadtomt ligg plassert i den delen av Strandvik med mest utbygging, både av bustader og fritidsbustader, og lite jordbruk. Frådeling av bustadtomt vil ikkje vera til særlege ulemper for jordbruksdrift. Det er ikkje drivverdig skog. Tomta er plassert der den vil ha minst innverknad på naturen. Området er frå før delvis utbygd.

Rådmannen meiner at ei frådeling her ikkje vil bryta med prinsippa bak plan- og bygningslova eller arealdel til kommuneplan. Frådelinga vil ikkje gjera at nye områder vert oppstykkja eller privatisert. Det vert rådd til at søknad om frådeling vert godkjent.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
052/13	Utval for plan og miljø	26.09.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 09/784

## **GBNR. 39/2, LILLELI: SØKNAD OM FRÅDELING AV TO NAUSTTOMTER. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 39/2, Lilleli, to nausttomter på inntil 50 m<sup>2</sup> kvar, på fylgjande vilkår:

1. Frådeling skal skje i samband med gjeldande lover og føresegner.
2. Naust på tomtane skal vera vanlege smånaust på inntil 40 m<sup>2</sup> kvar.

Vedtak er gjort med heimel i § 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova og § 12 i jordlova.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:  
Utval for plan og miljø.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.09.2013	KART, BILDER OG SØKNADSBREV.PDF	64255

Kart og søknadsbrev.

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

Det er søkt om løyve til å dela ifrå gbnr. 39/2, Lilleli, to nausttomter. Tomtestorleik vert i samsvar med føresegnene til arealdel til kommuneplan. Arealdele til kommuneplan viser LNFområde, med forbod mot bygging og frådeling. Det er fleire naust i same området frå før. Det vart også for 3-4 år sidan søkt om frådeling av nausttomter her. Søknaden vart då avslegen etter klage frå Fylkesmannen. Tal tomter er denne gongen redusert frå fem til to tomter.

Søknaden er vurdert opp mot §§ 8-12 i Naturmangfaldlova. Naturbase eller artskart viser ikkje

funn i det området som gjeld dei frådelte tomtene, eller nærområdet.

Søknaden har vore til høyringsinstansane til uttale. Det er ikkje kome merknad innan fristen på fire veker.



### **Uttale frå jordbruksfagleg hald i kommunen:**

” Gbnr. 39/2 har 10,9 dekar dyrka mark, 3,1 dekar skog og 3,4 dekar anna markslag. Totalt har eigedomen 17,4 dekar. (Kjelde: Skog og Landskap) Det er ikkje sjølvstendig drift på garden, men arealet er leigd ut til ein nabo i drift.

Det er søkt om å få dele i frå 2 nausttomtar.

Omsøkte tomtar ligg i område avsett til LNF i kommuneplanen.

Jordlova § 12 seier: *"Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området."*

Gbnr. 39/2 søkjer om å få dele i frå to nausttomtar på 40 m<sup>2</sup> kvar. Omsøkte tomtar er tenkt plassert ved ein eksisterande steinkai/molo. Markslag i området er definert som skog og flyfoto synar at det er eit lite belte med lauvskog mellom sjøen og dyrka mark. Ved sjøkanten ligg det frå før eit naust som høyrer til gbnr. 39/2. Frådeling av tomtane vil ikkje gå ut over gbnr. 39/2 si tilgong til sjø.

Det er opparbeid ein veg til sjøen langs eigedomsgrensa i nord. For å koma til sjøen må ein køyre igjennom tunet på eigedomen. To nye naust inneber auka trafikk, men likevel ikkje i like stor grad dersom det hadde vore bustadhus. Landbrukskontoret vil påpeike at auka trafikk gjennom tunet kan bli ein ulempe for gbnr. 39/2.

Samla vurdert vil ein frådeling av to tomtar på under 100 m<sup>2</sup> ikkje gå ut over avkastningsevna til garden.

Ei frådeling vil ikkje gå ut over landbruksdrifta på garden eller for landbruksdrifta i området. Deling kan godkjennast etter jordlova § 12. ”

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

### **Vurdering:**

Fusa kommune meiner at situasjonen har endra seg etter førre søknadsrunde. På nabotomta (gbnr. 38/8) vart det for kort tid sidan godkjent dispensasjon frå kommuneplan for bygging av bustadhus. Også dette innafor 100-metersbeltet. Rådmannen føreslo avslag, politisk utval gjekk inn for dispensasjon. Den saka var også sendt til høyringsinstansane for både uttale og vurdering av klage. Høyringsinstansane nytta seg ikkje av klageretten innan fristen på tre veker og søknad om bustadbygging vart derfor godkjent. Rådmannen meiner likskapsprinsippet må gjelda og vil derfor gå inn for at søknad om frådeling av nausttomter vert godkjent.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
053/13	Utval for plan og miljø	26.09.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 13/63

## **QUATRO LAKS AS: SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALDEL TIL KOMMUNEPLAN FOR FLYTTING AV ANLEGG VED SKÅTAKLUBBEN. NY HANDSAMING ETTER HØYRING.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fusa kommune avslår søknad om dispensasjon frå arealdel til kommuneplan for flytting av Quatro Laks AS sitt oppdrettsanlegg ved Skåtaklubben.

Flyttinga er ei vesentleg endring av arealbruken. Slik endring bør skje ved rullering av arealdel til kommuneplan. Slik rullering er no starta opp og flytting av område for oppdrett må koma som innspel i høyringsperioden.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan.

### **25.04.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ**

#### **Handsaming (sak 021/13, datert 25.04.2013):**

Gustav Folkestad (V) sa seg ugild i saka og gjekk frå.

Bergfrid Norheim (Ap) møtte som vararepresentant for han.

Utvalet gjorde samrøystes vedtak om at han var ugild.

Roger Hoel (Frp) fremja felles framlegg til vedtak frå H, Sp og Frp:


Fusa kommune gir dispensasjon fra arealdelen til kommuneplanen og godkjenner søknaden om dispensasjon vedrørende flytting av oppdrettsanlegg ved Skåtaklubben som det fremkommer i vedlagte kartutsnitt.

Forklaring til kartutsnitt:

Fusa Kommune godkjenner at areal markert som rødt skravert felt kan benyttes til oppdrett. Det gjøres oppmerksom på at dette areal er noe mindre enn det som fremkom i opprinnelige søknad.

Begrunnelse:

- For å ivareta langsiktig miljømessig bæreevne er det fornuftig å flytte anlegget ut fra nåværende posisjon som her helt inne ved land, og til hinder for friluftsliv og ut til omtalte område som fremkommer i vedlegget. Ved større dyp, og bedre strømforhold får fisken bedre vilkår og de miljømessige påvirkningene i havmassene/havbunnen blir mindre.



Anlegget må plasseres innenfor rødt areal.

Fellesframlegg frå H, Frp og Sp fekk 5 røyster: Roger Hoel (Frp), Steinar Berland (H), Aud May Boge (H), Haldor Tuft (Sp) og Marianne Borge (Sp) og vart vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster.

**UPM-021/13 VEDTAK (25.04.2013):**

.....  
Fusa kommune gir dispensasjon fra arealdelen til kommuneplanen og godkjenner søknaden om dispensasjon vedrørende flytting av oppdrettsanlegg ved Skåtaklubben som det fremkommer i vedlagte kartutsnitt.


Forklaring til kartutsnitt:

Fusa Kommune godkjenner at areal markert som rødt skravert felt kan benyttes til oppdrett. Det gjøres oppmerksom på at dette areal er noe mindre enn det som fremkom i opprinnelige søknad.

Begrunnelse:

- For å ivareta langsiktig miljømessig bæreevne er det fornuftig å flytte anlegget ut fra nåværende posisjon som her helt inne ved land, og til hinder for friluftsliv og ut til omtalte område som fremkommer i vedlegget. Ved større dyp, og bedre strømforhold får fisken bedre vilkår og de miljømessige påvirkningene i havmassene/havbunnen blir mindre.

Vedlegg 1



Anlegget må plasseres innenfor rødt areal.

## **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:  
Utval for plan og miljø.

Saksdokument:  
Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.09.2013	UTTALER, SØKNADSKART OG BREV.PDF	64278

Innkomne uttaler frå Kystverk, Fiskeridirektorat og Fiskarlaget Vest.

Kart  
Brev frå søkjar.

Ikkje vedlegg:

## **Ny sak:**

### **Faktiske opplysningar:**

Utval for plan og miljø gjorde i sak 021/13 eit utsetjingsvedtak, då dispensasjonssøknaden ikkje hadde vore tilsendt høyringsinstansane på førehand. Dette fordi rådmannen innstilte på at det ikkje skulle gjevast dispensasjon frå arealdel til kommuneplan når rullering av denne er starta opp.

Desse høyringsinstansane fekk saka til uttale: Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune, Fiskeridirektoratet og Kystverket. Fylkesmann og Hordaland fylkeskommune har ikkje svart innan fristen på fire veker. Det er uttale frå Fiskeridirektorat og Kystverket, samt Fiskarlaget Vest.

Fiskeridirektoratet region Vest ser helst at endring av plassering for akvakulturområde vert teke opp gjennom revisjon av kommuneplanen i staden for gjennom dispensasjonssøknad. Kommuneplanprosessen er meir omfattande og ein får der ei betre vurdering av alle interesser opp mot kvarandre. Det er registrert fiskeområde på begge sider av omsøkt område, men kan likevel ikkje sjå at ei etablering av eit oppdrettsanlegg i det omsøkte området vil koma i direkte konflikt med utøving av fiske. Fiskeridirektoratet tek då atterhald om at fortøyningsystemet vert til minst mogleg ulempe for fiske. Dei viser til brev frå Fiskarlaget Vest.

Kystverket viser til at det er to farleder i fjorden. Viktig navigeringsinstallasjon er fyrlykt ved Venjaneset. Planlagt flytting av anlegg fører til at dette kjem 900 meter lenger ut i fjorden enn noverande anlegg, noko som medfører at anlegget kjem ut i kvit sektor av Venjaneset fyrlykt. Dette skal ikkje kunna la seg gjera, då kvit sektor frå ei fyrlykt indikerer seglas fri for hindringar. Kystverket har vurdert saka i forhold til god framkomelegheit og sikker ferdsle på sjø. Ved justering av sektorande og god merking av anlegget, har Kystverket vurdert at dei ikkje vil motsetja seg at det vert godkjent dispensasjon frå kommuneplan. Endeleg stilling til desse spørsmåla vil likevel bli gjort ved ein konkret søknad for handsaming etter hamne- og farvasslova.

Fiskarlaget Vest har generelle merknader til omsøkt flytting, då det vert registrert stadig fleire slike med endra lokalitetar, auka biomasse, m.m. Fiskarlaget vest meiner styresmaktene må definera kva som er akseptabel negativ påverknad frå oppdrettsnæringa på annan næring innan m.a. fiske. Det må koma fram på arealplankarta kor stor område som verkeleg vert bandlagde for anna bruk og ikkje berre anlegget som er vist på sjøoverflata. Fiskarlaget vest viser til at dersom det kjem eit anlegg her, må anlegget plasserast i ein slik retning at fortøyingar vert til mogleg ulempe for fiskarane i området.

### **Vurdering:**

Rådmannen har ikkje endra oppfatning i denne saka og meiner framleis at rett veg å gå er gjennom rulling av arealdel til kommuneplan. Ved rulling må det då gjerast ei grundig vurdering av kva sjøområde som kan bandleggjast til oppdrettsanlegg, då det mange fleire interesser som er knytt til sjøen.

### **Saksopplysningar i sak 021/13, 25.04.2013:**

#### **Faktiske opplysninger:**

Quatro Laks AS søker om endring av arealbrukskategori i arealdel til kommuneplan. Dei ynskjer å flytta anlegget utover i fjorden, 900 meter frå land og nordvest for Skåtaholmen. Grunngeving for flyttinga er at noverande lokalitet ved Skåtaklubben/ Skåtavågen ikkje er optimal plassering i høve til dagens krav til oppdrettslokalitetar med omsyn til djupne, miljømessig langsiktig bæreevne, m.m. Søkjar meiner også at det vil gje ein positiv effekt å flytta anlegget, då anlegget kjem lenger ut i fjorden og vert mindre til sjenanse for både fastbuande og hytter.

Arealdel til kommuneplan viser sjøområde for natur, friluftsliv og fiske. Det opnar ikkje opp for akvakultur.

### **Vurdering:**

Fusa kommune har starta opp rullinga av arealdel til kommuneplan. Planprogram vil snart bli lagt fram for politisk handsaming. Derfor meiner rådmannen at nye områder for akvakultur/ oppdrett må vurderast i samband med rulling av arealplan og ikkje som dispensasjonssak. Dermed får ein også eit mykje ryddigare forhold rundt dei stader der akvakultur/ oppdrett er ynskjeleg og får sett større områder under eitt. Rådmannen har likevel forståing for at Quatro Laks AS ynskjer å flytta anlegget lenger ut frå land av miljømessige årsaker, men meiner det er feil å ta dette opp som dispensasjonssak når rulling av arealdel startar opp.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
054/13	Utval for plan og miljø	26.09.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 12/109

## **GBFNR. 15/9/4, ÅDLAND: SØKNAD OM RAMMELØYVE FOR BYGGING AV TILBYGG TIL FRITIDSBUSTAD. NY HANDSAMING ETTER NABOKLAGE.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fusa kommune meiner vedtak i delegert saknr. 165/12, framleis skal stå ved lag, då søknaden ikkje er i samsvar med arealdel til kommuneplan. Eldre reguleringsplan for området har ikkje arealbestemmelsar og arealdel til kommuneplan gjeld framfor eldre plan. Fusa kommunestyre har lenge hatt som fast praksis at begrensingar i storleik på fritidsbygg også skal gjelda i regulerte områder. Endringar må då heller gjerast ved reguleringsendring. Saka vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan, jfr. §§ 1-8. 19-2 og 20-1 i plan-og bygningslova.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.09.2013	VEDLEGG 1- SAK 027-13.PDF	64293
11.09.2013	INNKOMNE KLAGER.PDF	64294
11.09.2013	VEDLEGG SAK 027-13.PDF	64295

1. Saknr UPM-027/13, datert 25.04.2013.
2. Innkomnemerknader/ klager til sist handsaming.
3. Vedlegg til sak UPM-027/13.

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

Søknaden gjeld rammeløyve for tilbygg til fritidsbustad på gbfnr. 15/9/4, Ådland, i reguleringsplan for hyttefelt Lauvfjellet.

Ifylgje innsendt skjema er noverande fritidsbustad på 161 m<sup>2</sup>. Tilbygg er søkt på 76 m<sup>2</sup>.

Tilsaman vert bruksarealet på 237 m<sup>2</sup>. Fritidsbustaden er i ein etasje.

Reguleringsplan for hyttefelt Lauvfjellet vart godkjent i kommunestyret i 2000. Dette er ein

plan med punktbeste, ikkje utskilde tomter. Føresegnene seier ingen ting om storleik på fritids-bustadane, men at desse skal vera i ein etasje på grunnmur.

Denne saka vart sist handsama i møte 25.04.2013, med grunnlag i søkjar sin klage på delegert avslag på byggesøknad. Det var då sak UPM-027/13 (sjå vedlegg 1). Utval for plan og miljø tok klage til fylgje og godkjente rammeløyve for tilbygg. Dette medførte igjen at naboar, m.fl, fekk ny klagerett på dette vedtaket.

Det er kome inn klager frå tre naboar. Dette går på total storleik på fritidsbygget, avstand til sjøen, krava i føresegnene til gjeldande arealdel til kommuneplan, m.m. Innkomne merknader/ klager ligg som vedlegg til denne saka.

### **Vurdering:**

Reguleringsplan for Lauvfjellet hyttefelt er eldre enn gjeldande arealdel til kommuneplan. Føresegnene til reguleringsplanen inneheld ikkje krav til areal og mønehøgde. Då er det arealdel til kommuneplan sine generelle føresegner som vert gjort gjeldande, sjølv om reguleringsplanen etter føresegner til arealdelen seier at reguleringsplanen framleis skal gjelda slik den er. Dessutan så gjeld ein nyare arealdel til kommuneplan ved motstrid. Både kommunestyret og Utval for plan og miljø har heile tida hatt fast praksis for at begrensingar i storleik på fritidsbustader/ hytter også skal gjelda i regulerte områder. Noko anna ville vore ei meiningslaus føresegn, fordi det ikkje skal byggjast fritidsbustader i LNF-områder. Det er også viktig å visa til at manglar i føresegner til reguleringsplan ikkje skal vera til hinder for å gjennomføra intensjonane til arealdel til kommuneplan eller lover og føresegner. Endringar i t.d. arealstorleik må heller skje gjennom rullering av kommuneplan eller revidering av reguleringsplan.

Rådmannen meiner denne saka er klar ut i frå dei reglar ein har å halda seg til. Søknaden er ikkje i samsvar med gjeldande planverkty og vert å avslå.

Arealdel til kommuneplan vart vedteken av kommunestyret i 2006. Der vert det stillt klare krav til fritidsbustader. Desse skal vera i ein etasje og det kan vera hems. Bruksarealet kan vera på inntil 100 m<sup>2</sup> og gesimshøgde på 4 meter. Området Lauvfjellet er i arealdelen vist som noverande område for fritidsbustader med godkjent reguleringsplan.

Eigar av gbnr. 15/9 og reguleringsplanen for Lauvfjellet var i mars 2011 i møte med Fusa kommune, då det var ynskje om endring av reguleringsplanen for hyttefeltet. Fusa kommune har ikkje motteke endringsforslag enno.

Rådmannen meiner det rette i denne saka er å oversenda den til Fylkesmannen for avgjerd. Då vil det bli ein uhilda vurdering av handsaminga av saka og vurdering kva som er rett lovforståing.